

MÆLANDSHAGEN 2030


Visjonsdokument for eit forsterka omsorgstun i Granvin

I samband med kommunereforma er det inngått intensjonsavtalar som inneber felles sjukeheim i Ulvik. Dette dokumentet forsøker å skissera opp korleis eit forsterka omsorgstun i Granvin kan utviklas.

Det blir gjort merksam på at dette ikkje er handsama politisk, men er innspel i debatten om den framtidige aldersomsorga

Norsk sjukepleiarforbund og avdelingsleiinga i pleie og omsorg i Granvin.

12.04.2016



MÆLANDSHAGEN 2030


Visjonsdokument for eit forsterka omsorgstun i Granvin

BAKGRUNN

Det er inngått intensjonsavtalar om kommunesamanslåing med mellom Eidfjord, Ulvik og Granvin (og Ullensvang). Det skal byggjast to nye sjukeheimar i den nye kommunen, ein i Ulvik og ein i Eidfjord.

Detaljplanane for desse er ikkje lagd, men avdelinga i Ulvik vil vera ein somatisk avdeling, medan Eidfjord som bygger ei sjukeheim med god demensavdeling kan servere heile den nye kommunen på dette feltet. Avtalane legg opp til at sjukeheimen i Granvin skal leggjast ned og sengepasientane i Granvin skal flyttast til Ulvik. I Granvin bør ein byggja eit omsorgstun knytt til dagens omsorgsbustadar.

Til liks med dei fleste distriktskommunar har Granvin ei framtidig innbyggjarsamansetting som vil krevja auka innsats på omsorgsfeltet. Innan 2040 vil talet på eldre over 80 år nær dobla seg i fylgje framskrivingstala frå Statistisk sentralbyrå.



GRANVIN OMSORGSTUN

Mælandshagen har i dag 20 leilegheiter. I tillegg finnes det mindre leilegheiter eigd av bustadstiftinga. Det er eit mål for den nye kommunen at dei nære tenestene skal vere der folk bur, samtidig som må ein ta omsyn til at ein ny kommune vil måtte tenke samordning av tenester.

Som erstatning for sjukeheimen i Granvin vil ein derfor, med utgangspunkt i framtidig behov, måtte byggjast fleire omsorgsbustadar i nær tilknytning til omsorgstunet i

Granvin. Det er eit mål å ha god fagleg kompetanse tilgjengeleg for brukarane gjennom heile døgnet, og heimesjukepleien vil derfor ha base her.

FØREBYGGING OG TRYGGLEIK

Det vil vere eit mål å fremja helse og førebyggja sjukdom gjennom eit aktivt miljø og tilrettelagd tenestetilbod. I samarbeid med, og administrert frå Helsesenteret i Ulvik vil det vere tilrettelagt for kontor for

- Lege
- Ergoterapi/fysioterapi
- Psykiatrisk sjukepleiar, kreftsjukepleiar oa.
- Kontor for sjukeleiar som kan yta tenester for bebuarane i omsorgstunet og for innbyggjarane i Granvin.
- Det må vere ein natt-teneste knytt til heimesjukepleie. Denne kan samordnas i heile kommunen.
- Palliativt rom (tryggheitsrom) for pasientar utan store pleiebehov.
- Det vil bli lagt til rette for hybel for korttidspasientar utan store pleiebehov.
- Det skal vere hybel/rom til utleige for pårørande

DAGTILBOD

- Det bør vere aktivtør knytt til omsorgstunet. Tilbodet bør vere retta mot bebuarane og mot andre eldre som bur heime.
- For å få mest mogleg effekt ut av denne innsatsen vil ein måtte gje tilbod om skyss for dei som bur heime men som nyttar dagtilbodet.
- Ha fokus på sosiale aktiviteter også på kveld.

MAT OG HELSE

Det skal vere tilbod om matlevering. Når bebuarane blir eldre og får nedsett funksjonsnivå, vil behovet for matlevering auka. Det må difor vere eit kjøken i omsorgstunet med moglegheit for utlevering av full kost.

OMSORGSTEKNOLOGI

Det er ynskjeleg å dreie ressursinnsatsen mot førebygging og tidleg intervensjon. Omsorgsteknologi er eit vesentleg verkemiddel for å få dette til, gjennom å ivareta eigenomsorg og meistring i så stor grad som mogeleg.

Omsorgsteknologi og kvardagsrehabilitering er to sterke verkemiddel for oppretthalde eigenmestring. Å aktivt arbeide med kvardagsrehabilitering vil i tillegg til teknologien vere med på å få til at ein får bu heime eller i omsorgsbustad lenger enn tidlegare.

OPPRETTHALDA SATSING PÅ FRIVILLIGHEIT

Den frivillige innsatsen opp mot dei eldre er svært viktig. Her har me allereie i dag eit godt samarbeid med pensjonistlaget. Å oppretthalde og vidareutvikle den frivillige innsatsen i heradet vil være eit satsingsområdet. Det kan dreie seg som besøksordningar, hentetenester, utlevering av mat og andre varer og andre gode tiltak i regi av frivillig innsats. Organiseringa av dette arbeidet kan leggast til ein frivilligsentral knytt opp mot omsorgstunet.

OPPSUMMERING

Mælandshagen 2030 er visjonen for framtidig eldreomsorg i Granvin. I samband med kommunereforma vert det lagt opp til at sjukeheimspasientane i Granvin og Ulvik på sikt skal samlast i Ulvik. I Granvin vil det vere eit forsterka omsorgstun knytt til heimetenesta, med leilegheiter der tenesta kan tilpassast den einskilde sitt tilretteleggings- og omsorgs-behov.

Granvin omsorgstun vil vere eit døgnbemanna tilbod med base for heimetenester. Det vil vere fokus på førebygging av sjukdom og funksjonssvikt, og tiltak for å sikra bebuarane naudsynt tryggleik. Folkehelse og mat er sentralt også i aldersomsorga, og det vil bli gitt tilbod om kjøp/servering av mat.

Aktivitetstilbodet er ein del av førebygginga, og eit dagsenter med tilbod til bebuarar og heimebuarar vil bli utvida. Det vil også bli tilrettelagt for eit helsekontor der ein kan møte lege og anna helsepersonell.

Granvin omsorgstun skal ha ei målretta satsing på omsorgsteknologi.

Aktivt samarbeid med frivillige vil bli prioritert.